

Kunnskapsgrunnlag for kommuneplanens samfunnsdel

Prosjektgruppa ser på utvalt kunnskapsgrunnlag som eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med KPS. Det har vore eit mål å gjere kunnskapsgrunnlaget overkommeleg for både administrasjon og kommunestyremedlem, og å jobbe ressurseffektivt med å finne relevant kunnskap som allereie er utarbeida og samanstilt.

Folkehelseoversikten

Folkehelseoversikten vil fungera som det overordna kunnskapsgrunnlaget, som viser hovudutfordringane me står overfor og helsetilstanden i befolkninga. Vang kommune scorar bra på mange av indikatorane som er inkludert i denne oversikta. Samtidig ser vi at det finst nokon utfordringar. Særleg demografiutfordringar, på bustadmarknaden, låginntekt, psykisk helse, spesielt blant barn og unge vaksne, bruk av tobakk og alkohol, kosthald og fysisk aktivitetsnivå.

Ein veksande eldre befolkning i distriktet

Ein viktig faktor for vidare utvikling av tiltak i kommunen er den stadige auke av eldre i befolkninga. Vi står overfor eit stort demografiskifte dei neste tiåra. Frå 2030 til 2050 vil det bli ei auke på 46% i aldersgruppa 80+ i Vang kommune. Problemet blir synleggjort når ein ser aukinga på 1,8% for dei i arbeidsfør alder. Dette vil si at det blir store utfordringar med tanke på personale, og kommunen kan ikkje levera dei same tenestene som dei gjer i dag.

Låginntekt

Innbyggjarane i Vang kommune har ei vedvarande lågare inntekt enn Innlandet og landet elles. Delen med innbyggjarar med vedvarande låginntekt har økt ein del i tidsrommet frå 2016 til 2019. Ein faktor kan vera auka tilflytting av flyktningar. I Vang kommune er det i 2021 14,3 % barn som lever i barnefattigdom. Det vil seie at hushaldet har i snitt tent under 60 % av medianinntekta i Norge i løpet av dei tre siste åra. Over halvparten av alle barn i familiar med vedvarande låginntekt har innvandrarbakgrunn. 20% av befolkninga i Vang er innvandrara eller norskfødde med innvandrarforeldre, som betyr at kvar 5. person ein møter i Vang er av utanlandsk opphav. Dette må ein ta omsyn til å utarbeiding av tiltak.

Bustad

Folkehelsemeldinga (2022-2023) seier «*Regjeringa vil ha sosialt berekraftig lokalsamfunn og nabolag som gjer det mogleg for alle å bu og leve eit godt liv i by og bygd over heile landet. Det handlar derfor om gode og varierte bustadtilbod og gode og tilgjengelege bu- og nærmiljø for alle*». Tilgang på bustad er eit utbreidd problem i Vang kommune, samt lågare standard på kommunale bustader. Dei som leiger bustad i Vang kommune er ein del høgare enn landsgjennomsnittet. Folkehelseprofilen for 2023 viser at 21,1% av dei over 45+ leier bustad i Vang, samanlikna med 12,2% på landsbasis. Med ny lov på det bustadsosiale feltet som tredde i kraft frå 1. juli 2023 skal ein sikra at fleire vanskelegstilte får moglegheita til å eige eigen bustad.

Psykisk helse

Ein ser ei relativt stor auking i talet på unge vaksne som slit med psykiske helseplager. Vang kommune har ei større auking enn resten av landet. Koronapandemien kan vera ein av årsakene til denne auka. Meir medvit rundt psykisk helse kan også vera ein faktor som kan ha innverknad på statistikken. Forsking viser at kvaliteten på den kommunale infrastrukturen, i

form av tilgang til møteplassar, transport, kulturopplevingar og sportsfasilitetar, har innverknad på ungdoms psykiske helse, særleg blant jenter. Oppleving av tilhøyrsel har meir å seia for jenters sjølvkjensle enn gutars, seier forskinga. Å fremja ein trygg, inkluderande ungdomskultur og forbetra kommunale kvalitetar som til dømes tilgang til sosiale møteplassar, idrettsplassar og transport for å komma seg dit, kan vera ein folkehelsestrategi for å fremja ungdoms psykiske helse.

Kunnskapsgrunnlag for Innlandsstrategien 2024 - 2028

Innlandsstrategien vil gi supplerande kunnskap om forskjellige tema som ikke er med i folkehelseoversikten. Kunnskapsgrunnlaget for Innlandsstrategien 2024-2028 blir bygd på seks overordna tema:

1. Sosial berekraft
2. Miljømessig berekraft
3. Økonomisk berekraft
4. Samfunnssikkerheit
5. Samarbeid og demokrati
6. Folkehelseoversikten

Innlandet fylkeskommune har laga ein kortversjon av kunnskapsgrunnlaget for Innlandsstrategien, med fleire undertema. Dette kan nyttast som utgangspunkt, og så kan ein dykke ned i hovuddokumentet for meir kunnskap ved behov. Det noverande kunnskapsgrunnlag for Innlandstrategien inneholder kjenneteikn for Innlandet, og skal i det vidare arbeidet fungera som ein mal og eventuelt tilpassast til Vang kommune.

Nasjonale forventningar for regional og kommunal planlegging 2023 - 2027

Regjeringa legger kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremme ein berekraftig utvikling i heile landet. “*Kommuneplanens samfunnsdel skal gje strategisk retning for både utvikling av kommunen som samfunn og som organisasjon. Samfunnsdelen bør leggje til rette for eit godt samspel mellom dei ulike samfunns- og tenesteområdene i kommunen og med sivilsamfunnet og privat næringsliv. Dette kan bidra til innovasjon og at ressursane til kommunen kan utnyttast effektivt*”.

Kommunen skal vidare følgje opp dei nasjonale forventningane i planstrategiar og planar. Derfor er dokumentet “Nasjonale forventninger for regional og kommunal planlegging 2023 - 2027” inkludert som kunnskapsgrunnlag for KPS.

Kommuneplanens samfunnsdel 2015 - 2027 for Vang kommune

“Kommuneplanens samfunnsdel 2015 - 2027 for Vang kommune” skal også ligge til grunn som kunnskapsgrunnlag i revideringa.

Dei overordna måla i den tidlegare samfunnsdelen seie at Vang kommune “*skal leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon, med fokus på nærliek til brukarane og forvaltning av felles ressursar. Kommunen skal arbeide aktivt for gode og varierte butilbod tilpassa vekslande behov, herunder byggjeklare bustadomter i ulike delar av kommunen. Kommunen skal ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar. Vang ynkjer å vera eit inkluderande lokalsamfunn der skilnader i høve til kjønn, etnisk tilhøyrsla, funksjonsnivå, utdanning og økonomi blir motverka. Vang kommune har som mål å halde fram som eigen kommune*

I den tidligare KPS må ein ta vurderingar om kva som er godt redegjort for, kva som manglar eller kva som har endra seg sidan førre plan som vart utarbeida.

Bustadpolitisk plan 2019 - 2028

Vang kommune har ei målsetjing når det gjeld bustadpolitikk: “*ein bustadpolitikk som syrjer for tilstrekkeleg og variert bustadmasse slik at flest mogleg får dekka sitt bustadsbehov i den ordinære bustadmarknaden. Gode bustader i gode bumingjø*”. Dette gjeld bustad til tilflyttarar, nytilsette, vanskelegstilte og eldre med behov for omsorgsbustad.

Boliganalyse for Valdres (2022), statusrapport bolig

Denne rapporten er utarbeida av Valdres Natur- og kulturpark, og gjer ein systematisk og analytisk oversikt over bustadsituasjonen i Valdres. Analysen viser at det blir omsett svært få bustader i Valdres per år. Leigemarknaden er nesten ikkje eksisterande, men basert på at ein del leiger her i regionen blir dette basert på beskjentskaper og mindre på den opne marknaden. Bustadomsetninga i regionen er låg, og det blir omsett lang fleire fritidsbustader, også i Vang. Bustadutviklinga er nært knytt til evna lokalsamfunnet har for å inkludera og bidra til livskvalitet og folkehelse for befolkninga lokalt.

Innspel frå folkevaldagen 11. januar 2024

Dei ulike gruppene fekk kvar sitt kunnskapsgrunnlag, kor dei skulle trekke frem opptil fem hovudutfordringar dei ser i Vang kommune. Altså kva utfordringsbilete vårt er. Kommuneplanens samfunnsdel må vera eit dokument kor eigarskap står sentralt. Alle er einige om at ord må bli til handling. Ny samfunnsdel må operasjonaliserast, og at det påverkar politikken og avgjerdene som blir tatt.

Demografiutfordringar, psykososial helse, bustadpolitikk, landbruk og arealbruk var sentrale tema på folkevaldagen. Korleis kan me levere same tenester som i dag fram i tid, sørge for at barn og ungdom er rusta for framtida, gode bumingjø for alle, tileigna og behalde kompetansen i bygda og problemstillingar knytt til arealbruk, landbruk og næringsareala var viktig poeng som ble særleg påpekt. Her er eit tydeleg planverk sentralt, med ein moglegheit for å slå sammen planar og meir systematisk og strategisk arbeid for å sikre effektiv behandling og at man beveger seg i riktig retning.

Innspel på bustadpolitisk plan og boliganalyse for Valdres ga tydeleg retning til at ein må sjå kor man er i dag, relatert til framdrift, og ta ein evaluering. Kva mål og målsetjingar har Vang kommune for bustadpolitikk, og har me nådd måla me har satt oss?